

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Sveinung Toft	FA-L12	20/259

Saknr	Utval	Type	Dato
056/2020	Formannskapet	PS	10.06.2020
038/2020	Kommunestyret	PS	18.06.2020

Mindre reguleringsendring for reguleringsplan for Liarinden

Vedlegg:

Journalposttittel	Dato
16007_Liarinden_02_02.03.2020 (L)(146432)	22.05.2020
16007_Liarinden_02_28.01.2016-A3 (L)(146434)	22.05.2020
Notat Liarinden bussholdeplass_6.03.20 (L)(146431)	22.05.2020

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Framlegg til reguleringsendring av mindre del av reguleringsplan for Liarinden knytt til flytting av busslomme vert godkjent i medhald av plan- og bygningslova sin § 12-12.

Det vert vist til kart dagsett 02.03.2020 vist som alternativ 2.

Saksopplysningar:

Bakgrunn og fakta:

Ard arealplan har i brev dagsett 06.03.2020 kome med framlegg til reguleringsendring av mindre del av reguleringsplan for Liarinden, som har planID 126620120002. Formannskapet i Masfjorden kommune vedtok i sak 021/20 i møte den 31.03.20 å senda framlegget til mindre planendring ut på høyring. Det vert vist til notat, sjå vedlegg, som skildrar endringa, som gjeld flytting av vestgåande busshaldeplass. Framlegg medfører at busshaldeplassane vert rett ovanfor kvarandre. Det vert vidare vist til vedlagde kart dagsett 02.03.2020 vist som alternativ 2.

Omsøkt planendring er etter administrasjonen kurant, og det vert vist til at Statens Vegvesen har akseptert løysinga i brev av 11.12.2019. Saka vart i brev dagsett 07.04.20 sendt på høyring etter reglane i plan- og bygningslova sin § 12-10, med frist 22.05.2020 for å koma med merknad. Det er no kome merknader frå følgjande instansar:

1. Brev frå Fylkesmannen i Vestland dagsett 07.05.2020, som skriv at dei ikkje har merknad til

reguleringsendringa.

Vurdering

Rådmannen meiner at omsøkte planendring er kurant, og viser til innkomen merknad. Ein rår difor til at framlegg til reguleringsendring av mindre del av reguleringsplan for Liarinden knytt til flytting av busslomme vert godkjent i medhald av plan- og bygningslova sin § 12-12. Dersom det kjem inn fleire merknader før saka kjem opp i kommunestyret vil desse verta vurdert i revidert sak.

Konklusjon

Det vert rådd til at planendringa vert godkjent i medhald av pbl sin § 12-12.

Formannskapet - 056/2020

FS - behandling:

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes tilrådd til kommunestyret.

FS - vedtak:

Framlegg til reguleringsendring av mindre del av reguleringsplan for Liarinden knytt til flytting av busslomme vert godkjent i medhald av plan- og bygningslova sin § 12-12.

Det vert vist til kart dagsett 02.03.2020 vist som alternativ 2.

Kommunestyret - 038/2020

KS - behandling:

Framlegg til vedtak frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

KS - vedtak:

Framlegg til reguleringsendring av mindre del av reguleringsplan for Liarinden knytt til flytting av

busslomme vert godkjent i medhald av plan- og bygningslova sin § 12-12.

Det vert vist til kart dagsett 02.03.2020 vist som alternativ 2.